

17.05.2011

Høgst aktuelt minnesmerke



Bjørn Olav Tveit, her foran Røysterett for alle, hadde talen for minnesmerket

Bjørn Olav Tveit skulle halda talen ved minnesmerket på Stemnepllassen dette året, Regnveret tvang arrangørane til å flytta til Aktivitetshuset, men Tveit heldt tala likevel og streka under at minnesmerket med sin symbolikk er høgst aktuelt også i dag.



Svanhild Haugland hadde eit artig innslag med ungane

Han peika på at folket i Midtausten kjempar med det same motet, for mange av dei same verdiane og mot mange av dei same undertrykkjande kreftene som folk i Noreg kjempa mot i krigsåra.

Sjølv om historie og hendingar ligg attende i tid, er verdiane som ligg her minst like aktuelle og verdt å kjempe for i dag som for 70 år sidan, understreka Tveit



Felleskorpset imponerte sjølv om alderspennet var 70 år!

Også under festprogrammet imponerte musikklaget, no i ein vellukka kombinasjon med skulemusikken. Det samla korps hadde 23 musikantar, 12 frå skulekorpset og 11 frå musikklaget og spelte 5 nummer der særleg Gammel Jegermarsj sat som eit skot.

I dette samarbeidet bør det liggja von for framtida for begge partar. Tor Skeie Olsen er dirigent og klarar oppgåva godt.

Røysterett for alle avvikla minikonsert nummer 3 på denne dagen og song stoff som dei har sunge mange gonger før. Og også denne gongen var Det vakraste den vakreste.

Svanhild Haugland hadde eit sjærmerande innslag med ein flokk ungar før Kristian Bringedal slapp til med talen sin. Ei tippetevling og trekning sette ein ekstra spiss på programmet som vart ei triveleg stund trass i flyttinga som regnveret utløyste. Programleiar var Monica Helen Sæle Kårstad.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen